



Saksdokument:

Høringsinnspill fra Dnk til Meld. St. 10 (2014-2015): Muligheter for alle - menneskerettighetene som mål og middel i utenriks- og utviklingspolitikken
Høringsinnspill fra det norske Dalitnettverket til same St. melding

Orienteringssaker

2. Den norske kyrkja og menneskerettar

Samandrag

Mellomkyrkjeleg råd har eit sterkt engasjement for menneskerettar, både i det nasjonale og det internasjonale arbeidet. Saman med ei rekkje organisasjonar følgjer me norsk utanrikspolitikkk på dette området. Nedanfor følgjer ei kort orientering for bakgrunnen for dei to vedlagte høringsinnspela.

I februar 2014 varsla utanriksminister Børge Brende at det skulle kome eit «taktskifte» i norsk engasjement for menneskerettane internasjonalt, samstundes som arbeidet med å fremme global handel og norsk næringsliv skulle styrkast. Sivilsamfunn vart inviterte til å kome med innspel til ei ny melding om menneskeretter (MR). Denne vart lansert 12. desember 2014 under namnet «Muligheter for alle - menneskerettighetene som mål og middel i utenriks- og utviklingspolitikken».

MKR har følgd denne prosessen nøye og leverte to innspel på meldinga under høyringa i Utanriks- og forsvarskomiteen på Stortinget. Dei to innspela er vedlagt denne orienteringssaka. Eitt er frå MKR aleine og kommenterer tre tema: trus- og livssynsfridom, næringsliv og kjønn/likestilling. Det andre innspelet er frå Dalit-nettverket, kor MKR er aktiv medlem, og sett fokus på kastediskriminering, eit tema som var nemnt, men ikkje diskutert, i meldinga.

Det er rundt 15 år sidan sist melding på MR. Det var Hilde Frafjord Johnsen og Knut Vollebæk som då lanserte St. Meld nr. 21 (1999-2000): «Menneskeverd i sentrum - handlingsplan for menneskeretter». Det er fleire skilnader i dei to meldingane (1999-2000, og 2014): I motsetnad til den eldre har den nye meldinga ingen fokus på menneskeretter i Norge; mindre fokus på kompetanseheving (innanfor MR-dialog; akademia og sivil samfunn) og er svak på handlingsplanar, noko den siste meldinga var tydeleg på.

Eit par generelle innvendingar som fleire norske sivilsamfunnsaktørar har reist om regjeringa si MR-melding: Planen er sterk på intensjonar, og med fleire gode forslag til tiltak, men svak på handlingsplanar. Den seier også lite om korleis UD skal evaluere sitt forsterka MR-engasjement. Meldinga er også svak på å kople det Norge gjer nasjonalt, med det me gjer internasjonalt. Den stiller sterke krav til bistandspartnarar, men har ikkje liknande krav til næringslivsaktørar. Meldinga er sterkast på sivile og politiske rettar, svakast på økonomiske, sosiale og kulturelle rettar. Gjennom heile meldinga er det nesten ingen fokus på migrasjon og flyktningsspørsmål og korleis Noreg kan arbeide med desse sentrale menneskerettsutfordringane internasjonalt. Desse, og fleire innvendingar/kommentarar, har blitt levert Utanriks- og forsvarskomiteen som no arbeider vidare med meldinga før den leggjast fram for Stortinget seinare i år.

Meldinga setter menneskerettar i fokus i norsk utanriks- og utviklingspolitikk. Det er derfor eit viktig dokument og eit godt grunnlag for norsk utanriks- og utviklingspolitikk framover.

Forslag til vedtak:

Mellomkyrkjeleg råd tar saka til orientering.

